



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Christian Johan Alstad, 5557 2112

Vår dato
06.12.2016
Dykkar dato
22.11.2016

Vår referanse
2016/15009 421.3
Dykkar referanse
16/2989

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Uttale - Lindås - gnr. 141, bnr. 11- Båtplass på kommunal flytebrygge og støyping av plate framfor nytt naust - Dispensasjon

Vi viser til brev av 15.11.16 med frist for uttale 20.12.16. Saka gjeld søknad om dispensasjon til ny båtplass på flytebryggje og til støyping av plate framfor naust. Tiltaka gjeld gnr. 141 bnr. 11.

Naustet ligg på gnr. 141 bnr. 71, men plata vert liggjande på gnr. 141, bnr. 11. Det vert søkt om dispensasjon frå punkt 7.2.3 i reguleringsføresegnene for friluftsområde – Kvamsvågen, dispensasjon frå reguleringsplanens angjevne friområde, dispensasjon for tiltak innanfor 100-meters beltet og dispensasjon frå mindre avstand til veg enn 15 meter. Samstundes vert det søkt for tiltaka i seg sjølv, båtplass og støypt plate. Bakgrunnen for dispensasjon for båt-plassen er at ny grunneigar skal få tilgang til å etablere båtplass ved flytebryggja. Dei andre nausteigarane i naustrekka har båtplassar på innsida av den kommunale flytebryggja, men her er det ikkje ledig plass. Utsida av bryggja skal stå til rådvelde for gjestar til friluftsområdet, jamfør punkt. 7.2.3 i reguleringsføresegnene.

Fylkesmannen tykkjer det er uheldig å dispensera i frå ein relativt nyleg vedteken plan. Etter vår vurdering, bør tiltaka takast som ein mindre endring av eksisterande plan for å unngå å undergrava reguleringsplanen. Strandsona er av nasjonal interesse og ei utvikling av denne sona, bør skje gjennom plan og ikkje gjennom enkeltdispensasjonar. Vi fryktar for presedens-verkander i liknande tilfelle, dersom kommunen gjev løyve til etablering av ein ny permanent båtplass i eit område som skal stå rådvelde til småbåtgjestar.

Fylkesmannen rår i frå at det vert gjeve dispensasjon.

Vi viser til at kommunen ikkje bør gje dispensasjon dersom regional styresmakt har uttala seg negativt til søknaden, jf. plan- og bygningslova. Dersom det likevel vert gjeve dispensasjon, ber vi kommunen sende vedtaket til Fylkesmannen for klagehandsaming.

Med helsing

Arve Meidell
seksjonsleiar

Jan Vidar Voster
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.